



Notat

Dato: 03.10.2018
Arkivsak: 2014/13889-115
Saksbehandlar: evevaul

Til: Fylkestrafikksikringsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikksikring av Rv555 Bredalsmarken og Torborg Nedreaas' gate i Bergen

Utvalseleiar for fylkestrafikksikringsutvalet, Jon Askeland (Sp), har i e-post 26. september 2018 bedt om at det vert lagt fram sak for utvalet om trafikktryggleiken på Rv555 Bredalsmarken og Torborg Nedreaas' gate i Bergen. Bakgrunnen er ei førespurnad frå Helene Unneland, som har engasjert seg for trafikktryggleiken for dei som bur og ferdast langs denne høgtrafikkerte vegstrekninga mellom Puddefjordsbroen og Nøstet¹. Langs vegstrekninga ligg det større bygårder/blokker og tilbodet til dei mange mjuke trafikantane som ferdast her er ikkje tilfredsstillande. Representant for Arbeiderpartiet, Rasmus Laupsa Rasmussen, har hatt eit møte med Unneland og har tatt opp situasjonen på vegstrekninga med utvalseleiar Askeland og Bergen kommune. I sin førespurnad skriv Unneland mellom anna:

«Etter det vi kjenner til gjennom dialog med Statens vegvesen, samt ei sak i BT i august, skal fartsgrensa i Bredalsmarken og Torborg Nedreaas gate settast ned til 40 km. Det er flott, men det er også heilt nødvendig å få utbetra fortauet på den eine sida av vegen i Torborg Nedreaas gate».

Det har vore snakk om å etablera ei miljøgate med 40 km/t i Torborg Nedreaas' gate. På spørsmål frå samferdselsavdelinga gir Statens vegvesen følgjande oppdatering:

«[R]eguleringsplanen som omfatter miljøgaten forutsetter bl.a. at riksveien legges om fra rundkjøringen og får ny trase over kaiområdet helt til Nøstet. Reguleringsplanen ble stadfestet i 2007 og er foreldet i forhold til ekspropriasjonsadgang.»

Om dei statlege programområdemidlane i Miljøløftet skriv vegvesenet:

«I Miljøløftets handlingsprogram 2018-21 er de statlige midlene dedikert til programområdetiltak som fremkommelighetstiltak for kollektivtiltak, sykling og gåing. Gjennomføring av reguleringsplan som omfatter bl.a. miljøgate i Torborg Nedreaas gate ligger ikke inne eller er prioritert som slikt programområdetiltak i ML.»

Vegvesenet skriv at midlar til trafikksikringstiltak på riksveg generelt må takast gjennom Nasjonal transportplan. Her er det ikkje prioritert midlar til trafikksikringstiltak på den aktuelle strekninga.

¹ Rv555 Bredalsmarken og Torborg Nedreaas' gate har ei trafikkmengde på høvesvis 12.400 og 18.600 køyretøy i eit gjennomsnittsdøgn (årsdøgntrafikk (ÅDT), tal for 2017). Kjelde: www.vegkart.no (Nasjonal vegdatabank, Statens vegvesen).

Som Helene Unneland er inne på, vert det innført fartsgrense 40 km/t på vegstrekninga. Vedtak er fatta og skiltplan er under utarbeiding, for snarleg gjennomføring. Om fortauet i Torborg Nedreaas' gate, som Unneland ønskjer å få utbetra, skriv vegvesenet at ei opprusting er prosjektert, men at finansiering så langt ikkje er avklart. Dette gjer det vanskeleg å seia noko om når tiltaket eventuelt kan utførast.

E-postkorrespondanse er lagt ved saka.

Vedlegg

1 Trafikksikring av Rv555 Bredalsmarken og Torborg Nedreaas' gate